Brødre best i maraton-brigde



SUVERENE: Stig (til v.) og Jan Gamlemshaug stod i ein klasse for seg under årets romjulsbrigde i Sogndal.

SOGNDAL: Etter ei maraton-økt på ti timar, kunne brørne Stig og Jan Gamlemshaug stikke ein sjekk på 4000 kroner i lomma. Den var svært fortent. Brigde-ekspertane frå Os utanfor Bergen stod i ein klasse for seg i den 20. romjulsbrigden i rekka. Først kom dei, så kom ingen, så kom eit anna brødepar; Kjell B. og Leif A. Fjellheim frå Vik.

SA: Jan Inge Fardal

Osingane Jan og Stig Gamelemshaug var storfavorittar i årets romjulsbridge i Sogndal. Brødreparet har fleire gode plasseringar i brigde-NM å sjå tilbake på, og Jan har vunne romjulsbrigden to gonger før, ein gong saman med broren og ein gong med Kåre Knutsen.

Det var såleis ikkje noko stort sjokk for nokon at duoen Gamlemshaug stakk av frå dei 40 andre para frå første spel.

Eigen klasse

Etter ti timar og 62 spel var paret frå Os eit lite hav føre alle dei andre. Duo Gamlemshaug spelte inn 332 poeng og var over 100 poeng føre overraskingsparet frå Vik; brødrene Kjell B. og Leif A. Fjellheim. Paret frå Vik kom sterkt på slutten, og i aller siste spel gjekk dei forbi Magne Hillestad og Martin Henden og tok «sølv» med 228 poeng.

Heile 41 par deltok i årets turnering og på resultatlista er par frå heile regionen bra representert på Topp Ti. Både Vik, Sogndal, Hafslo/Solvorn, og Leikanger er representert med par blandt dei ti beste. Det var og forholdsvis jamnt - når vi ser vekk frå dei suverene bergensarane.

Fast sidan 1968

Romjulsbrigden i Sogndal har vore fast sidan 1968 med unnatak av nokre år på syttitalet. Det var turnering nr. 20 i rekkja som gjekk av stabelen på Sogndal Hotell 3.juledag. Nytt i år var at dei 41 para spelte i ein pulje - i motsetnad til tidlegare då para har vore inndelt i ein A- og ein B-pulje. Minuset med det nye opplegget var at alle ikkje fekk møte alle. Kvart par møtte 31 av dei 41 para.

Kraftprøve

Det er litt av ein kraftprøve å spele brigde i ti samanhengande timar, berre avbrote av ein kjapp matpause midt på dagen. Gamlemshaug profiterte nok på sin svært solide turneringsrutine, dei unngjekk i alle fall dei store tabbane då det lei på kveld.

- Dei var heilt suverene, og imponerte stort, seier SA sin brigde-ekspert Magnar Ljøsne som ikkje legg særleg skjul på at det tek på dei små grå å gjennomføre 62 spel på 10 timar.

Bra premiering

Så fekk altså vinnarane bra betaling for innsatsen og bruken av «romjulstunge» hjernar. 4000 kroner på deling var bra utteljing på turen inn fjørden, skulle vi tru. Dei 11 beste fekk pengepremiar og i tillegg vanka det spurtpremiar «a la Kjeldeteigen» - som alle brigdespelarar i Sogn etterkvart har fått eit godt forhold til...

❑